

Fra: Kristin Arnestad <Kristin.Arnestad@vlfk.no>

Sendt: 07.06.2023 08:25:03

Til: Aril Gjelsvik <Aril.Gjelsvik@hoyanger.kommune.no>, Anne Kristine Dyrdal <anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no>, Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>, Tone Selmer Skuggevik <Tone.Skuggevik@modalen.kommune.no>, Sigbjørn Hauge <sigbjorn.hauge@voss.herad.no>, oas@eidfjord.kommune.no, helene.nordstrand@askvoll.kommune.no, Oliver Gravermoen <oliver.gravermoen@vaksdal.kommune.no>, ragnvald.joakimsen <ragnvald.joakimsen@ullensvang.kommune.no>, Arne Strand <arne.strand@fjaler.kommune.no>, Helene Norstrand <helene.norstrand@askvoll.kommune.no>

Kopi: Hans Inge Gloppen <hans.inge.gloppen@vlfk.no>, Katrine Røkke Wilson <Katrine.Rokke.Wilson@vlfk.no>

Emne: Tildeling av midlar til breiband 2023 - med vedlegg

Hei igjen,

Fekk melding om at linken ikkje virkar, så legg ved saka.

Med helsing

Kristin Arnestad

seniorrådgjevar

seksjon for grøn næringsinfrastruktur
avdeling for næring, plan og innovasjon



Mob: 90 61 68 43 www.vlfk.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Kristin Arnestad

Sendt: onsdag 7. juni 2023 08:10

Til: Aril Gjelsvik <Aril.Gjelsvik@hoyanger.kommune.no>; Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>; jo.tommerbakke@modalen.kommune.no; tone.selmer.skuggevik@modalen.kommune.no; Sigbjørn Hauge <Sigbjorn.Hauge@voss.herad.no>; oas@eidfjord.kommune.no; helene.nordstrand@askvoll.kommune.no; Oliver Gravermoen <oliver.gravermoen@vaksdal.kommune.no>; Joakimsen, Ragnvald <ragnvald.joakimsen@ullensvang.kommune.no>; Arne Strand <arne.strand@fjaler.kommune.no>

Kopi: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@vlfk.no>; Katrine Røkke Wilson <Katrine.Rokke.Wilson@vlfk.no>

Emne: Tildeling av midlar til breiband 2023

Hei alle,

Som mange allereie har fått med seg, så tildelte hovudutval for næring midlar til breiband førre veke. Her ser de innstillinga, som hovudutvalet vedtok samrøystes

[file:///C:/Users/Kriarn/Downloads/Tildeling%20av%20breibandmidlar%202023%20\(2\).PDF](file:///C:/Users/Kriarn/Downloads/Tildeling%20av%20breibandmidlar%202023%20(2).PDF)

Prosjekt i vedtakspunkt 1

Når det gjeld prosjekt i vedtakspunkt 1, så tenkjer vi dei er så godt som klare for ei konkurranseutlysning. Mykje av informasjonen er på plass, men vi kjem til å kontakte dykk for å kvalitetssikre informasjon og føye til litt opplysningar. Vi kjem til å spørje etter om de vil dele områda i fleire delprosjekt eller lyse ut samla i eit prosjekt (dette er ikkje ei relevant problemstilling for alle), så det kan de tenkje litt på. Så ynskjer vi at de fyller ut informasjon knytt til infrastruktur som utbyggar kan nytte. Då kjem vi til å spørje om de har opplysningar til punkta under.

Andre opplysningar og forhold				
Får utbyggar nytte etablert eller planlagt infrastruktur? Til eventuell kva kostnad? Dette kan eventuelt vere eit punkt i forhandlingane. (f.eks nodebu, kommunale stopar, trekkerør o.l. Spesifiser og legg eventuelt ved kart). Er det tilgang i området til straum til ein eventuell basestasjon?	Kjende planar for utbygging av til dømes husvære, fritidsbustader, næringsverksemd mm	Opsjon: Kommunen ønskjer å eige/disponere fiberpar (spesifiser)	Opsjon: andre tilstøtande potensielle utbyggingsområde	Ut frå erfaring, er området i dag utsett for driftsavbrot i telekommunikasjon, straumforsyning og vegsamband ved dårleg ver? Sjå også vedlegg D.

Vi håpar å få til ei utlysning før sommaren, men då er vi avhengige av kjappe tilbakemeldingar frå dokke. Vi vil sende ut informasjon til kvar einskild av dokke og ha ein kort svarfrist. Nokon har vi allereie snakka med.

Prosjekt i vedtakspunkt 4 og 5

Her treng vi meir kvalitetssikring før vi kan seie at det blir gitt eit tilskot og lyst ut. Kor komplekse problemstillingane er, varierer frå prosjekt til prosjekt. Vi håpar å også klargjere ein del av desse, slik at vi kan gje eit tilskot og få prosjekt med i utlysinga. Her er vi også avhengig av hjelp frå dokke.

Kva skjer framover?

Fylkeskommunen har ansvar for ei felles konkurranseutlysning/offentleg konkurranse. Midlane som blir sett av no er førebelse maksimalsummar, så dette kan bli justert når konkurransen er gjennomført. Kommunen er kontraktspart når vi kjem så langt at kontrakt blir signert. Målet er å lyse ut ein konkurranse før sommaren, men det er knapp tid så vi må ta eit lite atterhald om at det går. Kjem til å orientere dykk meir om både tidsplan og konkurransen etter kvart.

Dette var ei førebels orientering. De høyrer meir frå oss snart.

Med helsing

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

seksjon for grøn næringsinfrastruktur
avdeling for næring, plan og innovasjon



Mob: 90 61 68 43 www.vlfk.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.